

– Ho tek i bruk teknologien som kan berge bygda



TEKNOBYGD: – Folk i Viksdalen har prestert å bygge ei merkevare rundt seg sjølv som osar av pågangsmot og ekte optimisme, skriv Firda-redaktøren. Ein av dei er Henny Råheim som har opna sjølbetent butikk.

Av Kai Aage Pedersen

Publisert: 30.07.24 18:10 Del

– Internett og ny teknologi bergar bygda, skriv Kai Aage Pedersen.

KOMMENTAR

Dette er ein kommentar, skriven av ein redaksjonell medarbeidar. Kommentaren gir uttrykk for skribenten sine haldningar.


Sjekk opningstidene på Viksdalen Handel! Du finn dei på veggen bak butikkeigar Henny Råheim (på bildet). I vesle, vakre Viksdalen har dei ein kolonialbutikk som er open frå kl. 06 om morgonen til kl. 23 om kvelden.

Nett so i by'n!

Via 41 kamera kan Råheim, eller andre tilsette, følge med på det som skjer i butikken. Kvar einaste hylle har sitt kamera. Mest truleg er Joker-butikken ein dårleg stad å besøke for tjuvar med ambisjon om å sleppe unna politiet.

Så langt er også erfaringane til Råheim gode på det området. Sidan automat-butikken opna dørene 30. mai kan ho melde om at svinnet frå butikken ikkje har tatt seg opp.

Dette er gledeleg. Og endå meir gledeleg er det at omsetninga i butikken har auka med 10 prosent og at talet på kundar er sterkt aukande. Etter berre nokre veker kan ein slå fast at dette er ei god løysing for både fastbuande og turistar som kjem til Viksdalen.



Nærbutikken er ein ekstremt viktig infrastruktur for eit lite lokalsamfunn. Den er ein kritisk funksjon som må vere på plass for å skape ei godt og pulserande samfunn.

For at det i det heile tatt skal vere mogleg å realisere denne typen tenester i små bygder ligg sjølvstekt godt breiband og god mobildekning. Kundane får assistanse via ein app på mobiltelefonen, og heile butikken må ha stabil og god breibanddekning døgnet rundt 365 dagar i året.

Internett og ny teknologi bergar bygda, rett og slett.

Bak teknologien er det menneske med stå-på-vilje og kreativitet. I Viksdalen er det flust av slike folk. Viss du søker på Viksdalen i Firda så tyt det fram spennande historier om ei bygd som spelar på lag, som har oddsen mot seg, men som likevel kjem ut som vinnarar gong på gong.

Med Viksdalen Nærmiljøråd som motor kjem det mellom anna ladestasjon for elbilar, det er bygd kontorfellesskap i ein nedlagt butikk (Remote), snart kjem det dagsturhytte og kvart einaste år er det full rulle i bygda med Håslåttfestivalen.

ANNONSE



LES OGSÅ

Den store forgubbinga ... eller?

Folk i Viksdalen har prestert å bygge ei merkevare rundt seg sjølv som osar av pågangsmot og ekte optimisme.

Bak all suksessen ligg det likevel spådommar som viser at det blir ein tøff kamp for å ta vare på alt det positive som er skapt. Då journalist Einar Lundsør såg på demografi-utviklinga i Sunnfjord kommune i ein reportasje før sommaren, var Viksdalen blant dei skulekrinsane som ifølge Statistisk sentralbyrå (SSB) må rekne med færre innbyggjarar dei neste 20 åra. Viss SSB får rett, vil Viksdalen bli 40 færre og ha om lag 340 innbyggjarar i 2043.

I tillegg får dei som bur der får stadig høgre snittalder. 3 av 10 viksdølar er truleg i pensjonistalder på dette tidspunktet.

Men dette er prognosar. Og viss det skjer like mykje positivt i bygda dei neste 20 åra som dei siste 10 – så kan det hende viksdølingane gjer spådommane til skamme. Ny teknologi som i Viksdalen Handel kan vere noko av svaret på dei utfordringane Viksdalen og resten av bygde-Norge står i.

ANNONSE

Vi er langt forbi tida der det vart opprør mot at Posten la ned postkontor. No er det post i butikk, eller boksar vi kan hente pakkane vi har fått døgeret rundt. Lotto-kupongen kjøper du og får på mobilen, og 2 av 3 abonnentar les Firda berre digitalt.

Kva blir så det neste?

Vinmonopolet opnar automat der viksdølingane kan kjøpe vin til helga utan å måtte dra til Førde?

Det kan vere endå ei lita brikke i det store puslespelet som skal berge bygdene. Alle prosessar som kan digitaliserast blir nettopp det, og det må bygda bruke for alt det er verdt. Viss fleire gjer som butikkeigar Henny Råheim kan dette vere starten på noko svært positivt.

PS! Den sjølvbetente butikken i Viksdalen er bygd med støtte frå det statlege Merkur-programmet som skal sikre distrikta tilgang til nærbutikk og bokhandel av god kvalitet. Oppgraderinga av butikken kostar 1 mill. kr, halvparten finansiert av Merkur.

ANNONSE



LES OGSÅ
Ein nedlagd butikk skal dra Viksdalen inn i framtida



LES OGSÅ
No skal dagsturhytta endeleg komme på plass



LES OGSÅ
– Mange andre stader har festivalar, då er det bra vi har ein vi også

Les meir om: [Merkur-programmet](#) [Viksdalen](#) [Synspunkt](#) [Næringsliv](#) [Gaular](#)

Skriv ditt lesarbrev her



DELTA I DEBATTEN! Vi oppmodar lesarane til å bidra med sine synspunkt, både på nett og i papir